

Vedtekter for Florø Drill

§1 ORGANISASJON

Florø Drill vart stifta 12. februar 2010. Organiseringa av Florø Drill har bestemt følgjande:

- a) Utøvar i drilltroppa kan bli medlem i Florø Drill frå 1. august det året dei startar i 1. klasse på barneskulen.
- b) Medlemmane skal prioritere og oppfylle sine forplikingar i Florø Drill.
- c) Det er inga øvre aldersgrense i Florø Drill.

§2 FORMÅL

Florø Drill skal leggje vekt på å utvikle drillferdigheiter og skape eit godt miljø til beste for sine medlemmar. Florø Drill sitt formål er:

- a) å vere eit Kulturtilbod til barn og unge i Florø
- b) å profilere drillbevegelsen i lokalsamfunnet
- c) å bidra til at drill kan opplevast som eit spennande og utviklande fritidstilbod.

§3 MEDLEMSSKAP

3.1 Opptak av medlemmar

Drillutøvarer og andre drillinteresserte kan takast opp som medlemmar i Florø Drill av troppens styre. Medlemskap for born som ikkje er fylt 15 år må vere skriftleg godkjent av føresette.

3.2 Føresetnad for medlemskap

- a) Alle medlemmar pliktar å følgje Florø Drill sitt reglement og lovlige vedtak.
- b) Alle nye medlemmar skal levere inn medlemskapsopplysningar på gjeldande innmeldingsskjema. Ved endring av registrerte opplysningar skal medlemmane snarast muleg gje melding til drilltroppen sitt styre.
- c) Kle og utstyr eigd av Florø Drill skal holdast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar for drillmedlemmar/føresette.
- d) Medverknad i andre drilltropper/drillkorps, eller bruk av drilltroppens egedelar i andre drillaktivitetar må godkjennast av styret.

3.2 Rapporteringsplikt og kontingent

- a) Drillåret fylgjer skuleåret
- b) Medlemmane er forplikta til å betale kontingent med forfall 1. mars og 1. september kvart år.

3.4 Utmeldingar

Medlemmar som ynskjer å melde seg ut etter avslutta drillår, må gje melding om dette til drilltroppens styre innan 1. juni. Betalt kontingent refunderast ikkje ved utmelding.

3.5 Suspensjon og eksklusjon

- a) Styret kan sette i verk disiplinære tiltak overfor medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for drilltroppens aktivitet.
- b) Styret kan suspendere medlemmar for ei bestemt tidsperiode.
- c) I grovare tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.

b) §4 ÅRSMØTET

c) 4.1 Status

d) Årsmøtet er Florø Drill si høgaste myndigheit.

e) 4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet.

- f) a) Ordinært årsmøte avholdast kvart år i løpet av april månad.
- g) b) Det blir kalla inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret i drilltroppa eller 1/3 av drilltroppa sine medlemmar krev det.
- h) c) Innkallinga sendast ut minimum 6 veker før ordinært og 2 veker før ekstraordinært årsmøte.
- i) d) Styret si årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteens innstilling og saker til behandling på årsmøtet skal sendast medlemmane seinast to veker før årsmøtet.
- j) e) Medlemmane må fremme saker til behandling på årsmøtet gjennom drilltroppens styre. Slike saker må være styret i hende seinast 4 veker før årsmøtet blir avvikla. Styret pliktar å leggje saker som kjem inn i rett tid fram på årsmøtet.

4.3 Representasjon, rettigheter og votering.

- a) På årsmøtet deltek drilltroppens medlemmer og gjester invitert av styret.
- b) Følgjande har tale-, og forslagsrett: Medlemmar som ikkje har fylt 15 år.
- c) Følgjande har tale-, forslags- og stemmerett: Medlemmar som har fylt 15 år. For medlemmar under 15 år kan ein føresatt møte med tale-, forslags-, og stemmerett. Styret sine medlemmar i alle saker, men ikkje stemmerett under behandling av årsmelding og rekneskap.
- b) d) Følgjande har talerett: Medlemmar som ikkje har fylt 15 år.
- c) e) Årsmøtet kan beslutte når minst halvparten av medlemmane er representert

- d) f) Gyldig vedtak krev meir enn halvparten av dei avgitte stemmene, dersom ikkje anna er bestemt i vedtektene.

a) Konstituering

- Opning
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av dagsorden/saksliste
- Val av møteleiar
- Val av møtesekretær
- Val av to personar til å signere protokoll

b) Godkjenning av årsmelding og revidert rekneskap

c) Saker som er fremma av drilltroppens styre og medlemmar

d) Plan og budsjett, under her medlemskontingent og langtidsbudsjett.

e) Val:

- Leder
- Nestleiar
- Sekretær
- Kasserer
- Uniforms- og materialforvaltar
- Arrangementskoordinator
- To styremedlemmar
- Revisor
- To medlemmar i valkomiteen
- Dei som blir valt må vere 15 år når dei tiltrer, ha gyldig medlemskap og ha sagt seg villig til å motta verv. Val skal vere skriftleg dersom nokon krev det.

§5 STYRET

5.1 Samansetting og konstituering av styret.

Styret består av leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, arrangementansvarlig, utstyrskoordinator og to styremedlemmar. I konstituerande styremøte fordelast ansvar for faglege/praktiske ansvarsområde til valte representantar i styret.

5.2 Fullmakter

- a) Styret skal lede drilltroppen etter dei vedtak årsmøtet har fatta.
- b) Styret kan nedsette dei utval og komitear det er behov for.
- c) Styret kan revidere og utforme dei reglar og instuksar det er behov for å presisere, og regulere drilltroppens ansvar og aktivitetar.

5.3 Innkalling til styremøte

- a) Styret innkallast når leiar eller eit av styrets medlemmer finn det nødvendig.
- b) I drilltroppa møter utøvarane sin tillitsvalte som fullverdig styremedlem.
- c) Styret er beslutningsdyktige når minst 2/3 er til stade. I ikkje fulltalige styremøte kan eit styremedlem forlange saka forlagt fulltalig styre før gyldig vedtak kan fattast.
- d) Styreleiar har dobbeltstemme ved stemmelikskap.
- e) Styrevedtak skal protokollførast, og protokollane skal sendast til styret sine medlemmar, Varamedlemmar og revisor. Drilltroppen sine medlemmer skal informerast om dei vedtak som er gjort.

5.4 Årsavslutning

Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte regnskapet for kvar årsmøteperiode. Regnskapet skal reviderast av revisor valt av årsmøtet.

§6 KOMITEAR

6.1 Revisjon

Revisor skal gjennomgå regnskapet for kvar årsmøteperiode og legge frå beretning for årsmøtet.

6.2 Valkomit 

Valkomiteen skal innstille valbare kandidater til tillitsverv etter §4.4.

§7 UEINIGHEIT OG TVISTAR

Ueinighet og tvistar om vedtektene sin forståing, forleggast NMF sitt kretsstyre med forbundsstyret som ankeinstans.

§8 OPPL YSING

- a) Vedtak om oppl ysing av drilltroppen m  foretakast p  to p f lgande ordin re årsm te. Vedtaket krev 2/3 fleirtal.
- b) I tilfelle oppl ysing skal drilltroppen sine midlar plasserast i bank p  sperra, renteberande konto.

- c) Det siste ordinære årsmøte bestemmer kva som skal skje med Florø Drilltropp sine midlar og eigedom.

§9 VEDTEKSENDRING

Årsmøte kan endre disse vedtektene med 2/3 fleirtal

§10 IKRAFTTREDELSE

Disse vedtektene trer i kraft frå og med 20.10.2010.

Florø, 24.08.2010

Florø Drill interimstyre.